

# Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø i Hordaland

Statsbudsjettet 2016 kap. 1429 post 71  
Omtale av søknader sendt til HFK



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE





<b>Sophies Minde</b>	<b>ePhorte nr 15/2163-1</b>
<b>Askeladden ID:</b>	87177-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2-3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Anne-Magrethe Konow Lund Kleiven 10 5152 BØNES
<b>Kostnad:</b>	53 750
<b>Søknadssum:</b>	53 750
<b>Tilråding:</b>	40 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	434 306,-

#### Kulturminne

Sophies Minde, Kleiven 10, ligg på garden Kråkenes i Fana bydel, Bergen, på sjølve Kråkeneset, som stikk ut i Nordåsvannet. Garden Kråkenes vart rydda kring 1740 og var først husmannsplass under Fjøsanger (no gnr. 16), men vart eigen gard i 1809. Hovudhuset "Sophies Minde" vart truleg bygd av Johan Krefting, som kjøpte garden i 1810. Han var notarius publicus i Bergen, og hovudhuset er bygd som "lyststed". Sophie, som huset har namn etter, var dotter til Krefting. Hovudbygningen vart freda 27.2.1924 etter Lov um bygningsfreding av 1920 og fredinga vart tinglyst 9.12.1924.

Sjølve gardstunet låg like sør-aust for "lyststedet". Dette er borte og erstatta av einebustader. Eigedommen omfatta opphavleg heile den delen av Kråkenes som ligg nord-aust for tunet (før dette vart rive). Rett sør-aust for tunet er den gamle grensa til garden Bønes (gnr. 20). Eigedomane på kvar side av Kleiven 10 er stykte frå i 1960- og 70-åra.

#### Tiltaket

Tilskotet er tenkt brukt til rehabilitering av pipa i den søndre stova, samt rehabilitering ei av hoveddørene (ytterdør) der nedre speilet (fyllingsdør) har fått ein kraftig oppsprekking.

#### Vurdering

Tiltaket, slik det er gjort greie for i søknaden, fell inn under tilskotsordninga. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf kulturminnelova. Ein føresetnad for tilskot er at det blir nytta tradisjonelle materialar, teknikkar og handverk.

Rehabilitering av pipa er ei god investering då det sikrar kulturminnet, og tillet større bruk av stova i vinterhalvåret. Når det gjeld ytterdøra som står verutsatt til, vil ein reparasjon så fort råd er, sikre mot vidare råteskade og oppretthalde brukseigenskapane til døra.

Tilråding 40 000

**Rekvemylna** **ePhorte nr 15/2163-2**

<b>Askeladden ID:</b>	87231-1.
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2-3
<b>Kommune:</b>	Voss
<b>Eigar:</b>	Biarte Nygaard med fleire. Postbacken 3 A, 14132 Huddinge, Sverige.
<b>Kostnad:</b>	200000
<b>Søknadssum:</b>	200000
<b>Tilråding:</b>	
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	350.000,- (2015)

**Kulturminne**

Treetasjers bygning med tømra kjerne omgitt av skutar/halvtekkjer i bindingsverk på alle sider. Første etasje er i stavkonstruksjon med støypt grunnmur og gråsteinsmurt bakmur mot fjell. Denne etasjen inneheld kvernhjul, korntørke og potetkjellar hogd ut i fjellet. Andre etasje inneheld kornlager, verkstad og eit rom mot fjellveggen som opphavleg vart nytta som flor. I vestveggen er det omn med utvendig gråsteinsmurt pipe. Tredje etasje inneheld to rom samt ein gang. I gangen er det grue. I den tømra kjerna i midten var det opphaldsrom/soverom og i rommet mot aust var det matbu. Dette rommet har trapp opp til lem over hovedrommet. Skutane har bølgeblekktak. Resten av bygningen er tekt med lappskifer. I 2015 blei det gjort eit stort arbeid med taka som vender mot elva og fossen.

**Tiltaket**

Vøling av bygningsdelar som er fårlege, eller i ferd med å rasa saman og vedlikehaldsarbeid som ikkje kan venta. Sjå Vedlegg 3/ 2014, og nytt kostnadsoverslag med merknad, datert 16. 10. 2015. Vedlegg 1/ 2015.

**Vurdering**

Den nye eigaren har trekt søknaden då førehandstilsegnet for 2016 dekker kostnadane til tiltaket.



**Toskedalstova** **ePhorte nr 15/2163-7**

<b>Askeladden ID:</b>	211859-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Vaksdal
<b>Eigar:</b>	Arnt Rune Trohjel Storesåta 3B 5258 Blomsterdalen
<b>Kostnad:</b>	844 680
<b>Søknadssum:</b>	624 680
<b>Tilråding:</b>	250 000 + 350 000 i førehandstils.
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminnet

Demontert røykstove der lafteverket og nokre andre bygningsdelar ligg lagra i eit uthus på garden. Stova er flytta til tunet i 1791, og den blei demontert i 1962. Det har vore knytt mykje historie til denne stova, og det har vore hevda at den kunne vere frå middelalderen. Ei gruppe med fagfolk inspiserte bygningsdelane for eit par år sidan, og statusen var forbausande god. Det blei i den samanheng teke borprøver av tømmeret, der årringsanalysene viser at tømmeret er felt i 1596 eller kort tid etter.

#### Tiltaket

Restaurering av lafteverk og anna primærkonstruksjon i samband med attreising av bygningen. Store deler av arbeidet vil føregå på verkstad, Arna eller Voss.

#### Vurdering

Tilskot blir fordelt til private (heilt eller delvis) eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet.

Når det gjeld Toskedalsstova vil ikkje fredningssak bli oppretta før etter at bygget er ferdig istandsett, men Riksantikvaren har gjeve signal om at det kan løyvast frå statsmidlane frå og med i år (2016).

Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar, handverk, opplæring og kunnskapsoppbygging er viktige grunnar for tildeling av tilskot. Det er lagt opp til at Bygningsvernssenteret Voss Hardanger skal stå for istandsettinga. I den samanheng vil istandsettingsarbeidet vere ein nyttig læringsarena for handverkarar og studentar med interesse for tradisjonshandverk og restaurering.

Tilråding 250 000 og tilsvarande beløp  
350 000 i førehandstilsegn for 2017



## **Fedratun i Agatunet ePhorte nr 15/2163-6**

**Askeladden ID:** 87213-52  
**Tilstandsgrad:** TG2  
**Kommune:** Ullensvang  
**Eigar:** Dordi Skarpnes  
Stokkahagen 56

**Kostnad:** 352 375

**Søknadssum:** 200 000

**Tilråding:** 150 000

**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

### Kulturminne

Panelt, kvitmåla våningshus med saltak tekt med ruteheller, på kvitkalka gråsteinskjellar. Midt på huset eit tværrstilt arkoppbygg med lappskifertekt saltak, oppbygget skyt fram på begge langsider og er støtta av stolpar. Dette er den første bygningen ein møter på veg opp i Agatunet, og er såleis godt eksponert for ålmenta.

### Tiltaket

Vøle helletaket pga lekkasje, setje pipa i stand og tette rundt samt skifte ut rotne bjelkar og bord i taket pga roteskade.

### Vurdering

Tilskot til viktige sikrings- og istandsettingstiltak blir tildelt etter følgjande prioriteringar: Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg. Bygningane i Agatunet fell innunder dette.

Lekkasje i taket må ha høg prioritet, då følgjeskadane kan akselerere og på sikt medføre store kostnader. I tilstandsregistreringa frå 31.12.2015 er det beskrive ein lekkasje i mønet, og vurdert som TG2 (moderate utbetringar) og er estimert å koste 100.000,- I samtale med vedkommande som utarbeidde tilstandsvurderinga kom det fram at vurderinga kan ha vore for streng og at det like gjerne kunne stått TG3, og tilsvarande at utbetringa gjerne kunne omfatte ei større omlegging. Tilbodet frå entreprenør er på 352.375,- noko som inneber omlegging av heile taket. Søknadssummen for 2016 er på – 200.000,- Eigar hadde inne søknad også i fjor, men fekk då avslag. Vurderinga i år er positiv, men det er ikkje rom for å innfri heile søknadsbeløpet.

Tilråding 150 000

## **Bergavegen på Havrå ephorte nr. 15/2163-34**

<b>Askeladden ID:</b>	K12
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Osterøy
<b>Eigar:</b>	Museumssenteret i Hordaland Salhusveien 201, 5107 Salhus
<b>Kostnad:</b>	100 000
<b>Søknadssum:</b>	50 000
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0



### Kulturminne

Bergjet er ei svært bratt li aust for innmarka, og strekkjer seg frå fjorden og opp til om lag 240 m. Bergjet er dominert av edellauvskog, og er svært grøderikt. Den frodige skogen var ein svært viktig ressurs då garden var i drift. Skogen hadde fortrinnsretten her, men Bergjet vart slått ein gong i året, i tillegg til at det meste av rotalauv til strø til dyra kom herifrå. Denne skogen gjorde at Havrå som ein av svært få gardar på Osterøy ikkje trong å ta torv til brensel, for dei hadde nok ved. Bergjet er vanskeleg å ta seg fram i, og det går 2 vegar gjennom området: Øvste og Nedste Bergavegen.

### Tiltaket

Sette i stand utrasa delar av vegen i berget samt støttemurar. Det er om lag 60 år sidan Bergjet var i drift, og forfallet har stadvis kome langt, både på skogen og vegane. Skogen må avvirkast og fraktast ut for hand. Dei vil starte arbeidet nedst i Bergjet, og dette området må takast først for å få trygg ferdsel. Museet vil arbeide for å få tilskot til vedlikehald av vegane fordelt over mange år, og ta det litt etter litt.

### Vurdering

Tilskotsordninga følgjer opp dei statlege pliktene i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til fordyrande arbeid, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf kulturminnelova. Mykje av arbeidet med stein må gjerast for hand, og dette må seiast å vere meirkostnader knytt til antikvariske tiltak. Museet har fått tilført store sysselsettingsmidlar i budsjettåret, og vi bed dei vurdere om dette er eit tiltak som kan gjerast innafor desse løyvingane. Vi opnar for at det kan søkjast igjen dersom dette ikkje let seg gjere.

Tilrår: Avslag

## **Skjøtselstiltak Havrå 68/2,4,6,9 ePhorte nr 15/2163-33**

<b>Askeladden ID:</b>	K12
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Osterøy
<b>Eigar:</b>	Museumssenteret i Hordaland Salhusveien 201, 5107 Salhus
<b>Kostnad:</b>	2 565 000
<b>Søknadssum:</b>	2 565 000
<b>Tilråding:</b>	1 500 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	



### Kulturminne

Havråtunet med kulturmiljøet/landskapet.

### Tiltaket

Søknaden omhandler "midlar til å kunna forvalta, skjøtta og drifta kulturlandskapet på bruk 2 og 6 som me eig, bruk 4 som me leiger, og bruk 9 der eigaren ynskjer at MuHo skal overta ansvaret, i 2016."

I søknadssummen på 2.565.000,- er det inkludert 675.000,- til overtaking av ansvaret for bruk nr 9.

Skjøtselstiltaket representerer dermed 1.890.000,-

### Vurdering

Det omsøkte beløpet er på vel 2,5 mill. noko som ville lagt beslag på ein svert stor del av den potten vi har til fordeling. Administrasjonen vil tilrå 1,5 mill. som og er ein stor sum. Vi er klar over at det kan bli utfordrande for drifta i samband med så store sprik mellom omsøkt og tildelt sum, og syner til saken der heiter at: "Vi har i tildelinga foreslått å løyve kr. 1.500.000 til Havråtunet. Dette er ei nedgang frå i fjor, men vi har opna for at nokre av midlane som er sett av til prosjektleiing kan nyttast til skjøtselstiltak på Havrå."

Tilråding 1 500 000



**Skjøtselstiltak** **ePhorte nr 15/2163-13**

**Askeladden ID:**

**Tilstandsgrad:**

**Kommune:** Osterøy

**Eigar:** Geir Sundal  
Våkleivskogen 4

**Kostnad:** 569000

**Søknadssum:** 569000

**Tilråding:** 100 000 førebels

**Sum tilskot siste 5 åra:** 710000

**Kulturminne**

Havrå er det første av til no åtte freda kulturmiljø i landet, og fredinga omfattar heile gardsområdet med tun, inn- og utmark, i alt ca. 2000 dekar. Både klyngetunet og den gamle teigdelinga er intakt, og Havrå er eit unikt minne om tradisjonell vestnorsk gardsdrift. Freda gjennom forskrift i 1998.

**Tiltak**

Skjøtselstiltak i landskapet

Tilrettelegging for beiting, rydding av gamal slåttemark, restaurering av steingard, rydding langs skogsveg, reparasjon av grøfter samt drenering. Søkjer og om midlar til motorsag, bensin og anna forbruksmateriell.

**Vurdering**

Vi set av midlar til tiltaket, men administrasjonen held for tida på å vurdere tilhøva på Havråtunet. I samråd med grunneigarar og Museumssenteret vil vurdere korleis det er mogleg å få til ei best mogleg skjøtsel på Havråtunet. Vi vil opne for at det kan løyvast mer til tiltaket, men dette vert vurdert når administrasjonen er kome lenger med utgreinga. Dette vil truleg skje i siste halvdel av mai måned. Vi gjer vidare merksam på at dersom det vert gitt meir midlar til tiltaket, må det ligge før skriftlege avtaler med dei grunneigarane som søkjer gjer skjøtsel for.

Tilråding: kr 100 000



**Litlaløa til Olsane ePhorte nr 15/2163-11**

**Askeladden ID:** 96721-1  
**Tilstandsgrad:** TG2  
**Kommune:** Osterøy  
**Eigar:** Geir Sundal  
Våkleivskogen 4

**Kostnad:** 112 300  
**Søknadssum:** 112 300  
**Tilråding:** 110 000  
**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

**Kulturminne**

Grindbygd Løe med murt flor under. Kledd med brakje på alle vegger. Brakjekledning er einerbusker som er klypt ned til høveleg storleik og tredd inn på troer/ribber som fungerer som lekter på veggen. Osterøy er kjerneområde for denne type kledning, som har synt seg som ein god kledning i forhold til å halde regnvatn ute og samstundes tillet god luftgjennomstrøyming. Løa er ein del av det freda tunet på Havrå. Løa fremstår som autentisk.

**Tiltaket**

Skifte brakjekledning i nordgavlen på løa.

**Vurdering**

Havrå er eit av dei åtte freda kulturmiljøa med særleg verdifulle bygningar og landskap som er eit viktig kriterie for tildeling etter retningslinene. Tilskotsordninga følgjer opp dei statlege pliktene i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf kulturminnelova. Her er det søkt om å få dekt heile kostnadssummen.

I Askeladden står brakjeveggen oppført i TG2, men det er likevel tilrådd å skifte den i 2016 som strakstiltak. I Askeladdrapporten er det vurdert om plasseringa nær elva er ei årsak til at brakekledningen gror til med mose og rotnar raskare enn vanleg. Sidan dette og er gjeldande for ribbene som brakjen er festa til, er vurderinga at tiltaket må prioriterast no. Brakjekledning er einerbusker som er klypt ned til høveleg storleik og tredd inn på "troer" som fungerer som lekter på veggen. Osterøy er kjerneområde for denne type kledning, som har synt seg som ein god kledning i forhold til å halde regnvatn ute og samstundes tillet god luftgjennomstrøyming. Brakjekledning er ein arbeidsintensiv metode og dermed kostnadsdrivande i høve til dagens byggemåte. Vi reknar heile tiltaket som antikvariske meirkostnader.

Tilråding 110 000

**Smålandsløa ePhorte nr 15/2163-5**

<b>Askeladden ID:</b>	96787-5
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2
<b>Kommune:</b>	Osterøy
<b>Eigar:</b>	Kåre Havre 5286 Haus
<b>Kostnad:</b>	120 000
<b>Søknadssum:</b>	40 000
<b>Tilråding:</b>	40 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	80 000

**Kulturminne**

Stor grindbygd løe med heller på taket og liggande kledning, brakjekledning og dryppheller på veggane. Hoggen skifer på taket. Brakjekledning er einerbusker som er klypt ned til høveleg storleik og tredd inn på "troer" som fungerer som lekter på veggene. Osterøy er kjerneområde for denne type kledning, som har synt seg som ein god kledning når det gjeld å halde regnvatn ute, samt at kledninga tillet god luftgjennomstrøyming.

Løa er ein del av det freda tunet på Havrå og fremstår som autentisk.

**Tiltaket**

Tilskotet skal brukast til å fullføre arbeidet med å skifta brakjekledning og stenger/ribber i nordgavlen på Smålandsløa. Brakje/einer må hentast i marka. Ein må ta ned brakje, ribbe og opplengjer og sette opp att nye.

**Vurdering**

Havrå er eit av dei åtte freda kulturmiljøa med særleg verdifulle bygningar og landskap som er eit viktig kriterie for tildeling etter retningslinene. Tilskotsordninga følgjer opp dei statlege pliktene i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf kulturminnelova. Arbeidet som er utført er heilt i tråd med brakjekledningstradisjonen på Havrå (og Osterøy) der ein har nytta ein tradisjonsberar som er oppvaksen i tunet. Det i seg sjølv representerer eit godt døme på immaterielt kulturminnevern, der overføring av "handboren" kunnskap skjer i arbeidssituasjonen mellom tradisjonsbærar og den/dei som hjelper til.

Tilråding 40 000

**Smia Odda****ePhorte nr 15/2163-29**

<b>Askeladden ID:</b>	127142-10
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2
<b>Kommune:</b>	Odda
<b>Eigar:</b>	Norsk vasskraft og industrimuseumNaustbakken 7 5770 Tyssedal
<b>Kostnad:</b>	2 078 617
<b>Søknadssum:</b>	990.222
<b>Tilråding:</b>	200 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	4 161 500

**Kulturminne**

Bygget er eit av teglsteinsbygga i "gata" som går nordover frå skaltaket. Det ligg på austsida, vis à vis trefasomnshus III, med langsida mot vegen. Ytterveggene er av teglstein, og takkonstruksjonen er ståltakstoler tekt med bølgjeblekk. Opphavleg var taket valma med takoppbygg, seinare ombygd til saltaksform. Bygget har klassiske teglsteinsdetaljer som bogemotiv, avtrappingar, horisontale fasadeband, ornamenterte gesimsband med tannbord og rundboga vindauge. Innvendig er bygget delt i tre rom / avdelingar, med teglsteinsvegger imellom. Sjølve smia er i rommet lengst nord og er ei komplett industrismie med mellom anna sveiseapparat, amboltar, esse, herdeomn, kran og ei rekkje ulike typar smedverktøy.

**Tiltaket**

Maling av veggjar, istandsetjing av dører og vindauge, oppgradering av låsar og el-installasjonar mm.

**Vurdering**

Søknaden omfattar både istandsetjing, vanleg vedlikehald og oppgradering. Vanleg vedlikehald og oppgradering fell vanlegvis utanfor denne tilskotsordninga. Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Søknaden er omfattande, og det er presentert ein høg kostnad og søknadssum. Dei årlege løyvingane som er til rådvelde gjev vanlegvis ikkje rom for så store løyvingar. Ein hadde gjerne sett at dei tiltaka som er opplista og som ikkje naturleg fell inn under tilskotsordninga var tekne ut, slik at den "reelle" søknadssummen kom fram. Vi vil tilrå å støtte tiltaka med 200 000, og ber om at midlane nyttast til restaureringstiltak i samråd med Fylkeskonservatoren.

Tilråding 200 000

## **Skjøtseltiltak Lyngheisenteret. ePhorte nr 21/63 - 36**

**Askeladden ID:**

**Tilstandsgrad:**

**Kommune:** Lindås

**Eigar:** Museumssenteret i Hordaland  
Salhusvegen 201  
5107 Salhus

**Kostnad:** 939 000

**Søknadssum:** 939 000

**Tilråding:** 600 000

**Sum tilskot siste 5 åra:** 570 000 (2015)



### Kulturminne

Lyngheisenteret er eit nasjonalt og internasjonalt referanse punkt når det gjeld lynghei, forskning og vern av lyngheiene med tradisjonell skjøtsel. Lyngheisenteret blir også i stor grad brukt og konsultert ang. råd, veiledning, og kurs når det gjeld lyngheiskjøtsel. Lyngheisenteret har også ei nøkkel rolle og eit stort ansvar som eit museumsanlegg – å i vareta den tradisjonelle kunnskapen knytt til landskapet, planter, dyr og landbruksdrifta. Noko som er avgjerande for at vi i framtida skal ta kunna ta vare på dette utrydningstrua kulturlandskapet. Kunnskapen kan best takast vare på gjennom ei aktiv autentisk drift.

### Tiltaket

Søknaden for 2016 omhandlar fem tiltak som til saman er kalkulert til 2640 timesverk. I tillegg kjem det materiellkostnader på 50.000,- slik at totalsummen kjem opp i 939.000,-

Tiltak 1. Brenning og rydding av Lyngheilandskapet

Tiltak 2. Gjerder, grindar og steingardar- stiar

Tiltak 3. Moldtak / torvtak / gardflor

Tiltak 4. Slått og åkerland

Tiltak 5. Beitedyr


### Vurdering

Tilråding 600 000

## Fjellberg Presteg.- Naust ePhorte nr 15/2163-31

**Askeladden ID:** 87186-10  
**Tilstandsgrad:** TG1 (gamal)  
**Kommune:** Kvinnherad  
**Eigar:** Stiftelsen Fjellberg Prestegard  
5459 Fjellberg

**Kostnad:** 220 000  
**Søknadssum:** 220 000  
**Tilråding:** 100 000  
**Sum tilskot siste 5 åra:** 0



### Kulturminne

Grindbygd naust frå 1800-talet med rasteheller på taket og med ståande kledning på veggane. Naustet gjorde det mogleg for presten å ha sikkert opplag for båt på nordsida av øya, og dermed sleppe å ro rundt i samband med gudstjenester andre stader.

### Tiltaket

Omlagging av taket, skifte sperr, grindverk og kledning og maling.

### Vurdering

Tilskot til viktige sikrings- og istandsettingstiltak blir tildelt etter følgjande prioriteringar: Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av. Dette naustet ligg på nordsida av Fjellbergøy og tilkomsten er vanskeleg, noko som vert fordyrande. Det er ikkje lagt fram infrastruktur som straum, og ein vil vere avhengig av aggregat. Tiltaket er ikkje spesielt komplisert, men det er utstyrskrevjande, og arbeidet bør utførast av fagfolk med røynsle og forståing for denne typen konstruksjon, takteking mm.

Tilråding 100 000

**Naust Sunndal ePhorte nr 15/2163-20**

<b>Askeladden ID:</b>	212354-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Kvinnherad
<b>Eigar:</b>	Stig Fredheim Sunndalsvegen672, 5476 Mauranger
<b>Kostnad:</b>	1 196 062
<b>Søknadssum:</b>	1 196 062
<b>Tilråding:</b>	300 000 + 200 000 i førehandstils.
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminne**

Eldre naust murt av rydningsstein som er lite eller ikkje tukta (ubehandla). Dette er på eit vis eit godt døme på korleis ein ikkje skal mure Likevel må arbeidet vere godt utført sidan murane i stor grad enno står. Murverket er ein tovanga mur (kistemur), men det er vanskeleg å sjå bindingar mellom vangane (yttre del og indre del). Over muren er det to omfar "laft" der beten ligg imellom og er låst med nål på utsida. Konstruksjonen elles er eit vanleg sperretak.

Denne konstruksjonen er av skanta (lett tilhogde) materialar, og alderen er uviss. Materialane i trekonstruksjonen vi ser i dag er truleg ikkje originale, men konstruksjonsmåten kan godt vere tilsvarande den originale.

**Tiltaket**

Restaurering av mur.

Restaurering, - vegger og tak. Ein startar med å demontere taket og konstruksjonen over murverket.

Materialar som kan brukast oppat, vert tekne vare på og remontert når murverket er sett i stand. Deretter byrjar arbeidet med å reparere murverket noko som er hovudutfordringa i prosjektet. Murverket består av rydningsstein som krev god innsikt og røynsle for å kunne mure på ein god måte. Dei er ikkje mange som kan utføre slik muring i regionen i dag, slik at kunnskapen rundt murearbeidet "blir til medan ein murar".

**Vurdering**

Dette er eit prosjekt som har stått på vent i lang tid. Først i 2015 blei det lagt til rette for at eigar kunne søke på statsmidlane sjølv om naustet ikkje formelt er freda. I utgangspunktet ville eigar rive naustet, men etterkvart som det har dukka opp informasjon som dokumenterer historia og alderen på naustet har eigar blitt samd i at bygningen ikkje bør rivast. Det er viktig å komme i gong med arbeidet, slik at ein får redda bygningen. Det bør gjerast ei alternativ vurdering når det gjeld demontering fjerning av takkonstruksjonen. Eit alternativ her kunne vere at denne konstruksjonen får stå avstempla litt i overkant av murverket medan istandsettinga av murverket pågår. Truleg vil det verte ei rimelegare løysing, men må sjølvstilt vektast i høve til eventuelle ulemper.

Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar, handverk, opplæring og kunnskapsoppbygging er viktige grunnar for tildeling av tilskot.

Tilråding 300 000 for inneverande år og 200 000 i førehandstilsegn for 2017



**Glassstova Ystås ePhorte nr 15/2163-28**

<b>Askeladden ID:</b>	127061-3
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Granvin
<b>Eigar:</b>	Aslaug Jorunn Nestås Garvergaten 8 5054 Bergen
<b>Kostnad:</b>	299 200
<b>Søknadssum:</b>	292 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	145 000

**Kulturminnet**

Glasstove reist kring 1850. Bustadhus i to høgder med eternit på taket. Stova er ein del av eit intakt tun med fleire bygningar med høg verneverdi.

**Tiltaket**

Sikre tak og vindauge. Nytt sutak. Rep skorstein. Nytt vindauge i 2.etg.Takrenner.

**Vurdering**

Målet er at freda og andre verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eie skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Tilskotsordninga følgjer opp dei statlege pliktene i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf kulturminnelova. Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar og handverk og opplæring og kunnskapsoppbygging er viktige grunnar for tildeling av tilskot.

Det er viktig å få tette eventuelle lekkasjar i taket og få på plass vindauge i opninga i andre etg. for å hindre ytterlegare skade og tap av kulturminne. Med så mange bygningar krevst det godt planverktøy for å kunne prioritere arbeidsoppgåvene framover. Dette er gjerne tiltak som krev store ressursar, og difor må planleggast godt. Det må hentast inn spesifikke tilbod/kalkyler samt utarbeidast prioriteringsliste for tiltaka. Dei årlege løyvingane som er til rådvelde gjev ikkje rom for større "skippertak" til slike tiltak. Dersom det vert utarbeidd ei prioriteringsliste, vil det gje ei betre oversikt over forventa ressursbruk framover. Både i høve til ressurstilgang og gjennomføringsevne. Eigar har sendt inn to søknader, og begge søknadane vert tilrådd løyving. For denne bygningen må det i denne søknadsrunden prioriterast mellom kva som "må" gjerast, og kva som "bør" gjerast.

Adminstrasjonen meiner at ein kjem eit godt stykke på veg med kr. 30 000 innafor det som må gjerast i år.

Tilråding 30 000

## **Masstove og verkstad Ystås ePhorte nr 15/2163-27**

**Askeladden ID:** 127061-2  
**Tilstandsgrad:** TG3  
**Kommune:** Granvin  
**Eigar:** Aslaug Jorunn Nestås  
Garvergaten 8  
5054 Bergen

**Kostnad:** 241 537

**Søknadssum:** 236 437

**Tilråding:** 200 000

**Sum tilskot siste 5 åra:** 0



### Kulturminne

Masstove som kan vere frå 1600 talet, der verkstaden er påbygd seinare. Stova er ein del av eit intakt tun med fleire bygningar med høg verneverdi.

### Tiltaket

Istandsetting/justering av mur og laft, dør, nevertak, torvhaldskrokar og stokk ++

### Vurdering

Målet er at freda og andre verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eie skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Tilskotsordninga følgjer opp dei statlege pliktene i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf kulturminnelova. Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar og handverk og opplæring og kunnskapsoppbygging er viktige grunnar for tildeling av tilskot.

Det er viktig å tette taket for å hindre ytterlegare skade og tap av kulturminne. Her er det nevertekking, og det er eit omfattande arbeid å skifte ut nevra. Også oppretting og supplering av fundamentet er viktig for at bygningen skal stå godt.

Vi ser det som viktig å skifte taket, og finn at det tildelte beløpet er ei stor løyving i forhold til totalkostnaden ved restaureringa. Ystås er eit viktig kulturminne, men samstundes er det eit tun som vert nytta til privat bruk, ikkje til bruk for ålmenta.

Tilråding 200 000



## Rosenlund/doktorgården ePhorte nr 5/2163-25

<b>Askeladden ID:</b>	87158-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Fusa
<b>Eigar:</b>	Yngve Kartveit Opsalneset 1. 5641 Fusa
<b>Kostnad:</b>	900 000
<b>Søknadssum:</b>	900 000
<b>Tilråding:</b>	200 000 + 100 000 i førehandstils.
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	700 000



### Kulturminne

Hovedbygningen er frå siste halvdel av 1700 talet og blei prestegård først midt på attenhundre talet. Stabburet og drengestuen er og frå 1700. Bygninga(ane) blei oppført av Hillebrand Harmens, og blei seinare tekne i bruk som prestegard av presten Rolf Andreas Olsen i 1843. I 1911 kjøpte Fusa kommune hus og hage og sette bygningen i stand. Frå 1914 og dei påfylgjande 70 åra fungerte anlegget som doktorbustad, derav doktorgården. Noverande eigar har hatt huset sidan 1999.

### Tiltaket

Sikringstiltak, provisorisk tetting. Reparasjon av tak; demontering/riving av konstruksjon til sperrer/bjelker, utbedring av skadde bjelker og justering, mitbehandling, oppbygging av diffusjonssperre, isolasjon, sutakbord, papptekking og lektere. Skifte skadd takstein (med rød teglstein som opprinneleg). Rehabilitering av takoppbygg med vindauge og nye sinkbeslag. Skifte til nye takrenner og -nedløp i sink. Restaurering av takvindu. Løysinger for skorsteiner, luftehetter og diverse beslag vil vert vurdert i samråd med fylkeskonservator. Fasade; skifte kledning på gavler i nord og sør, mitbehandling, skifting av beslag, takrenner, restaurering av originale vindauge, utskifting av vindauge frå omkr. 1960 og omkr. 1980 med meir. Diverse tiltak på tilbygg og stabbur.


### Vurdering

Ulike årsaker har medført at det no er eit stort etterslep på vedlikehaldet av bygningen(ane). Eigar vil forsere innsatsen i vedlikehaldsarbeidet. Ein del av tiltaka, slik som isolering der dette ikkje har vore før, samt montering av moderne vindauge fell inn under oppgradering og er dermed ikkje stønadsverdig. I tillegg gjer vi merksam på søknadsplykt i samband med eventuell utskifting av bygningsdelar. Vi vurderer det som viktig å støtte tiltaket og slik få prosjektet sett i gang.

Det meste av tiltaka som det er søkt om er naudsynt for å redde bygninga. Lista over tema for istandsetting er lang, og prioriteringane av tiltaka gjerast i samråd med administrasjonen.

Tilråding 200 000

Førehandstilsegn for 2017 100 000



## **Holdhus kirke ephorte nr. 21/2163-24**

<b>Askeladden ID:</b>	84596-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	2
<b>Kommune:</b>	Fusa
<b>Eigar:</b>	Fortidsminneforeningen ved Hordaland avdeling Klostergaten 28 5005 Bergen
<b>Kostnad:</b>	1 224 376
<b>Søknadssum:</b>	1 131 776
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	600000 (Pt. Ikkje tatt ut)

### Kulturminnet

Kirken er bygget i lafteverk med utvendig bordkledning. Over vestpartiet har den firkantet tårn med pyramideformet hjelm og et slengt spir. Tårnet har tårnfot på selvstendig reisverkskonstruksjon. Kirken er utvendig kledd med liggende tjærebredd bordkledning som er festet med trenagler. De tre saltakene over våpenhus, kor og skip er tekket med skiferheller lagt på undertak av tre.

### Tiltaket

Diverse reparasjoner m.a. på svill på nordsida og dørstokk. Reparasjon av oppheng til kirkeklokkene. Drenering for å redusere / eliminere fuktskader mm. Tilsvarende for vestveggen i tårnet der vannintrenging på sikt vil gje store skader.

### Vurdering.

Vi har vore i kontakt med Riksantikvaren sidan fredinga er uklår. Det trengs ei nærare avklaring om fredingsstatus i høve til kva type freding som gjeld for kirka. Ei avklaring er naudsynt i høve til kva budsjettpost midlar kan løyvast frå. I samråd med Riksantikvaren har vi blitt samde om å la tiltaket stå på vent til neste år.

Fortidsminneforeningen mottok i 2015 ei større gåve til vedlikehald av sine eigedomer. Vi bed samstundes at det i løpet av 2016 vert gjort greie for om dette er eit prosjekt som kan nyte godt av midlar frå denne gåva.

### Tilråding Avslag



## Hellandshuset

<b>Askeladden ID:</b>	87178-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Åse-Lill Lundberg Nyhauglia 1 5230 Paradis
<b>Kostnad:</b>	250 000
<b>Søknadssum:</b>	250 000
<b>Tilråding:</b>	250 000 + 100 000 i førehandstils.
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

### Kulturminne

Huset blei oppført på Nyhaugen for rentenist Gerhard Krohn etter at han tok over eigeidomen i 1841. Huset er teikna i seinempire. bygningen har sortglassert valmtak og ein fasade med eit tempelmotiv med to doriske søyler. Bygningen har fått namn etter skipsreiar Peter Helland (1847–1935) som overtok huset rundt 1889. Hovudhuset blei freda i 1924. Vognhuset og drengestova blei freda i 1971. I 2008 vart Hellandshuset seld av Kyrre Grepp til familien Lundberg.

### Tiltaket

Heile taktekinga ligg på overtid, og er moden for utskifting. Deler av taket blei lagt om i samband med at eit tre fall ned og gjorde stor skade på sørvestre delen av taket. I etterkant har det kome lekkasje i takflaten mot gardsrommet. Lekkasjen er førebels tetta med ei presenning, men taket med taktekinga, sløysane og sutak må utbetrast. Tiltaket omhandlar berre den eine takflata mot gardsrommet

### Vurdering

Eigar har ikkje søkt om midlar til dette tiltaket, slik at eventuell oppstart krev samtykke. Det er administrasjonen sjølv som har teke initiativ til dette. Eigar har ikkje ressursar til å utarbeide ein søknad. I samtale med byggmeisteren som hadde ansvaret for utbetring av skaden i 2014, har vi stipulert ein kostnad for tiltaket. Anslaget forutset at det ikkje er store råteskadar i sutaket. Dette kjem ikkje til syne før taket vert avdekt.

Sjølv om tiltaket gjeld berre ei takflate, så er det to arkoppbygg på den, i tillegg til det nemnde takvindauge, noko som verkar kostnadsdrivande. Tilsvarande er det slike bygningselement som aukar risikoen for at det kan oppstå nye lekkasjar. Ei omlegging av denne takflata vil ha som resultat at ein får ei betre sikring mot nye lekkasjar i mange år framover. Administrasjonen vil sterkt tilrå at dette tiltaket vert gjennomført.

Det har tidlegare vore løyvd midlar til "Drengestova" på eigeidomen, men ikkje til hovudbygningen. Sidan kostnadane ved tiltaket er usikre har vi innstilt på ei førehandstilsegn på kr. 100 000 for 2017.

Tilråding 250 000

Førehandstilsegn for 2017 100 000



## **Tjærehuset** **ePhorte nr 15/2163-35**

<b>Askeladden ID:</b>	87154-3
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Sandviksveien 60 og 62 AS Hegrenesveien 42 Bergen
<b>Kostnad:</b>	3 850 000 (Gjeld begge bygn.)
<b>Søknadssum:</b>	500 000 (I søkn. spesif. for tjæreh.)
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	2 500 000 (anlegget totalt)

(Bilete er av Mesterhuset. Tjærehuset ligg bakenfor)

### Kulturminne

Tjærehuset, er frå 1819, Det var ein av dei mange eigarane av reiparbanen, Christopher Greve Stoltz, som fekk oppført huset. Både før og etter Stolz har det vore fleire eigarar av anlegget, der tre bygningar utgjer hoveddelen i anlegget - Reperbanen, mesterhuset og Tjærehuset. Reperbanen / banebygningen er ferdig restaurert (tilnærma), og det føregår no eit stort arbeid med Mesterhuset. På Tjærehuset skal ein utføre diverse sikringstiltak.

### Tiltaket

Restaurering av Tjærehuset; spesifisert som diverse sikringstiltak.

### Vurdering

Målet er at freda og andre verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eie skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Tilskotsordninga følgjer opp dei statlege pliktene i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf kulturminnelova.

Ein held no på med restaurering av taket på mesterbygningen, men ser for seg at det vil komme sikringsarbeider på tjærehuset i.l.a. året. Søknaden representerer såleis to bygningar med kvar sin Askeladden ID. Ein har valt å sjå søknaden som ein søknad denne gongen, men ber om at det vert sendt ein søknad pr Askeladden ID i seinare høve. Det er løyvd 500 000 til Mesterhuset, men det vert opna for at eigar disponerer inntil 100 000 av denne løyvinga til sikring i tjærehuset.

Tilråding: Avslag på søknaden, men høve til å omdisponere inntil 100 000 frå løyvinga til Mesterhuset

**Mesterhuset** **ePhorte nr 15/2163-35**

<b>Askeladden ID:</b>	87154-1,2
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Sandviksveien 60 og 62 AS Hegrenesveien 42 Bergen
<b>Kostnad:</b>	3 850 000
<b>Søknadssum:</b>	1 925 000
<b>Tilråding:</b>	500 000 + 350 000 i førehandstils.
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	2 500 000

**Kulturminne**

Meisterhuset, der reipslagarmeisteren budde, er frå tidleg 1800-talet. Det er bygd i sørenden av sjølve reipslagaranlegget, der dei snodde hampefiber til tau og trosser. Det var ein av dei mange eigarane av reiparbanen, Christopher Greve Stoltz, som fekk oppført huset som bustad for familien, i tillegg til at også sveinar og læregutar budde der. Både før og etter Stolz har det vore fleire eigarar av banen.

**Tiltaket**

Restaurering av Meisterhuset: istandsetting av tak; utbetring av taksperr og råteskader i tak, takstein, takrenner og -nedløp, mitsanering mm.

Mitsanering av vegger

Sjølvbærande og heldekkjande stillas

Vanntåke/sprinkling

Prosjektleiing, fagspesialister, arkitekt

Tjærehuset; sikringsarbeid og registrering

**Vurdering**

Restaureringa av Meisterhuset er ei stor og ressurskrevjande oppgåve, som har gått over lang tid. Tiltaka som er utført er i stor grad finansiert av eigne midlar. Eigar har synt interesse for å ivareta kulturminna på ein kvalitativt god måte. No har arbeidet med å setje i stand taket kome i gong. Dette er eit omfattande arbeid som inneber utskifting/supplering av store deler av sutaket, truleg også deler av sperrekonstruksjonen og taktekkinga (teglstein). Det er brukt mykje ressursar på restaurering og kopibygging av viktige bygningsdeler som hovuddør og vindauge. Administrasjonen legg til grunn at prosjektet har god styring og gjennomføringsevne og tilrår stønad. Administrasjonen vil streke under at det i hovudsak berre vert gitt stønad til meirkostnadar i høve til antikvarisk restaurering. Vi har forståing for at dette kan vere vanskeleg ved nokre høve, men der det let seg gjere, skal det gå fram av søknaden.

I tillegg til Meisterhuset blir sikringsarbeid på Tjærehuset omtalt i søknaden. Dei to bygningane har kvar sin Askeladden ID. Administrasjonen har valt å sjå søknaden som ein søknad denne gongen, men vil be om at det vert sendt ein søknad pr Askeladden ID ved seinare høve. Det er løyvd 500 000 til Meisterhuset, men det vert opna for at eigar disponerer inntil 100 000 av denne løyvinga til sikringsarbeid i Tjærehuset. I tillegg vert det sett av kr 300 000 i førehandstilsegn for 2017, som vert brukt i samråd med administrasjonen.

Tilråding Kr 500 000 til Meisterhuset (Kr 100 000 av desse midlane kan nyttast til Tjærehuset).  
Førehandstilsegn for 2017 350 000



## **Christinegaard Hovedgåaad ePhorte nr 15/2163-32**

<b>Askeladden ID:</b>	87127-3
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Karina herteig Formannsvei 3 5037 Bergen
<b>Kostnad:</b>	555 000
<b>Søknadssum:</b>	555 000
<b>Tilråding:</b>	200 000 + 200 000 i førehandstils.
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	500 000

### Kulturminnet

Driftsbygningen er truleg frå same tid som hovudbygningen; frå 1830-åra. Inneheld eit fjøs og høyloft. Fjøset i driftsbygningen vert i dag nytta som galleri.

### Tiltaket

ferdigstilling av omlegging av resterande tak. Diverse utbetringar på Yttervegg, dør, himling og vindu. Eigar ønskjer å gjere bygningen meir driftsvenleg. M.a. innreie kjøkken, bad og toaletter. Planen er å nytte bygningen til selskapslokale, konsertar og teaterverksemd. Eigar sende også ei søknad om meir midlar til arbeidet på taket, sidan arbeidet held på å stoppe opp då det ikkje var midlar att.

### Vurdering

I kostnadsoverslaget er det ikkje teke med tiltak som gjeld oppgradering/nyinnreing(kjøkken, bad og toaletter).

Det er tidlegare løyvd 500 000 til omlegging av taket grunna lekkasje, noko som synte seg å ikkje vere tilstrekkeleg. I tilskotet vert det teke omsyn ønsket om meir midlar til ferdigstilling av taket. Vi løyver kr 150 000 meir til arbeidet med taket. Tiltaka som gjeld ytterveggar, dørar, himlingar, mur og vindaugfell alle innafør stønadsordninga. Vi gir eit førehandstilsegn for 2017 på kr. 200 000 til desse tiltaka, og dette beløpet skal nyttast i samråd med Fylkeskonservatoren.

Vi gjer samstundes merksam på at eigar må kontakte Fylkeskonservatoren i høve til dispensasjonssøknader ved endingar/ombyggingar.

Tilråding 200 000

Førehandstilsegn for 2017 200 000

## **Christinegaard Hovedgåaad ePhorte nr 15/2163-32**

**Askeladden ID:** 87127-2  
**Tilstandsgrad:** TG2  
**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Karina Herteig  
Formannsvei 3  
5037 Bergen

**Kostnad:** 450 000  
**Søknadssum:** 450 000  
**Tilråding:** 0  
**Sum tilskot siste 5 åra:** 0



### Kulturminne

Paktarbustad er truleg frå same tid som hovudhuset; 1830-åra. Det har framleis det gamle grovkjøkkenet med baksteomn og bryggjergryte, truleg det einaste attverande av denne type i Bergen. Godt eigna til produksjon av smårettar og brødbaking. Kjøkkenet har inngang frå to sidar.

### Tiltaket

Diverse tiltak på yttervegger, råte i kledning mot aust, truleg også i stenderverk og bjelkelag. Yttervegger i kjøkken tren oppgradering og etterisolering. Takrennnar treng ny tekking og beslag. Defekt dørstokk og skade på dørblad. Loftsgolv må etterisolerast. Skade i mur på ytterveggar. Utbetring av bakaromn.

### Vurdering

Mykje arbeid må gjerast for at anlegget kan takast i bruk. Vi har i skildringa av hovudhuset gjort greie for kva arbeid som bør prioriterast ved tildelinga i år, og desse prioriteringen er gjort i samråd med eigar. Samstundes vil vi peike på at sjølv om det meste av arbeidet som skal gjerast på paktarbustaden er stønandsverdig, fell etterisolering av ytterveggene utanfor tilskotsordninga. Det same gjeld etterisolering av loftsgolvet. Vi vil vurdere dei andre tiltaka i samband med seinare handsamingar.

### Tilråding Avslag

## **Christinegaard Hovedgåaad ePhorte nr 15/2163-32**

<b>Askeladden ID:</b>	87127-1,5,6
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2 og dels 3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Karina Herteig Formannsvei 3 5037 Bergen
<b>Kostnad:</b>	1 350 000
<b>Søknadssum:</b>	1 350 000
<b>Tilråding:</b>	350 000 + 400 000 i førehandstilsegn
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	20 000 ( 500 000 vart løyvd i 2009)



### Kulturminne

Christinegård ber sitt namn etter den første eigaren, Christine Caspersdatter Middeltorp, som bygsla her etter at ho vart enke i 1694. Garden blei kalla Stineplassen på folkemunne. I 1763 byggja enka til sønesønen, Modesta Hansdatter Formann, eit nytt stort hovudhus på eigedomen. Truleg hadde dette ein etasje med midtark og kvadratisk grunnplan. Det lå dominierende til med hovudfasaden ut mot fjorden. Etter kvart blei hagen foran gjerda inn av ein høg mur, - som ein bastion med firkanta hjørneparti. (Aad Gjelles kart, 1819)

I 1822 gikk eigedomen ut av familien då han blei seld til kjøpmann og generalkonsul Michael Djurhus Prah. Etter en besiktelsesforretning i 1836 blei hovudhuset ombygd og fikk sitt noverande utsjåande.

### Tiltaket

Terrassen med tilhøyrande rekkverk og trapp må skiftast. Dette er eit omfattande tiltak då terrassen også har eit golv under. Golvbord har vorte skifta, men lagt med for store mellomrom. Basen (nedre del av søylane) på terrassen er skada eller delvis borte. Muren som tilhøyrer eigedomen må utbetrast. I tillegg til at det er skade på sjølve muren, ligg det svart glassert tegl på toppen og mykje av den er skada.

To bøketre som står på staden fører til skade det freda anlegget. Det kjem mykje lauv som legg seg på terrassen. Arbeidet som må gjerast her er enten felling eller kapping av høgda. Det eine treet ville ha falt ned om det ikkje hadde vore for forankringa. Vi kjem tilbake til denne problemstillinga i vurderinga av tiltaket.

### Vurdering

Eigar opplyser i telefonsamtale med administrasjonen den 16. april at det er ei stor eigenkapital investert i tiltaket. I tillegg til midlane er investert, har eigar sett av kr 300 000 i friske midlar til Christinegård. Søknaden inneheld mange og viktige tiltak, men det ikkje er rom for å innfri heile søknadssummen. Eigar meiner at terrassen og muren på anlegget har høgste prioritet. I tillegg er det 2 bøketre på staden som truleg er ein del av det opphavlege anlegget. Det har blitt gjort ei fagleg vurdering av trea og konklusjonen var at det eine treet bør fellast innan kort tid. Denne utgreiinga vart gjort av trepleiar Svein Ringheim. Etter at denne vurderinga vart gjort, har Bergen kommune scanna begge trea og har gjeve dei ei levetid på 5 år. Sidan dette er kostnadskevande tiltak, kan ei mellombels løysing vere å fjerne øvste delen av det treet som påfører anlegget størst skade/risiko. Tiltaket på terrassen er kostnadsrekna til kr. 700.000. Vi meiner dette arbeidet må startast snarast og rår til å løyve kr. 300 000 til tiltaket. I tillegg må det løyvast midlar til arbeidet med trefelling/trepleie, og administrasjonen foreslår at det vert løyvd kr. 50 000 til dette tiltaket. For å sikre kontinuitet i arbeidet foreslår vi å sette av eit beløp på kr. 300 000 i førehandstilsegn for 2017. Korleis desse midlane skal disponerast, må eigar avtale med administrasjon i 2017, men sidan arbeidet med muren ikkje kan finansierast i år, bør dette vurderast når førehandstilsegnet vert gitt.

Tilråding 300 000 til terrassen (Askeladden ID 1)+ 50 000 til trefelling/pleie (Askeladden ID 5) =350 000  
Førehandstilsegn for 2017 = 400 000



## **Slettebakken Hovedgård ePhorte nr 15/2163-22**

<b>Askeladden ID:</b>	87158-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Eiut As Postboks 38, 5899 Bergen
<b>Kostnad:</b>	1 010 000
<b>Søknadssum:</b>	1 010 000
<b>Tilråding:</b>	350 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	130 000



### Kulturminne

Slettebakken hovedgård ble oppført i 1783 da kjøpmann Hildebrand Harmens kjøpte eiedomen (1736-1813). Sønnen Christopher Harmens overtok lyststedet og eide det fram til sin død i 1829. Bygningen har ennå preg av moderniseringar i rokokkostil frå denne tida og empiredetaljar frå seinare eigar høker Svend Ruus. Huset har to kjellere og grunnmur i gråstein. Veggene er lafta, yttervegger med liggjande bordpanel. Huset har ein etasje og innreida loft. Skillevegger i første etasje er lafta. I andre etasje panel. Dei fleste dører og vindauger er frå 1780. En mengde beslag og detaljer er bevart. Spesielt rokokkosalen i andre etasje med komplett veggfast interiør er verdifull. Det finnes opprinnelege veggmalerier og tapeter under nyere lag med plater.

### Tiltaket

Arbeidet må ta til med restaurering av grunnmur.

På synfaringa utført av av Asplan Viak blei det konstatert store forskyvningar i grunnmuren.

"Det er grunn til å tro at det har skjedd endringer under mur. Enten endringer i grunnforhold pga vann eller frost, kanskje også i kombinasjon store snømengder enkelte vintre. Forskyvningen av muren er trolig pågående, og det er dermed en reell fare for at situasjonen gradvis forverrer seg." Det antas at årsaken til forskyvningene er setninger i grunnen, evt i kombinasjon med skader på fundamenter. Midtre seksjon av grunnmuren har store forskyvninger ut fra vegg, mens seksjonen mot vest har forskyvninger innover mot en blindkjeller. På østsiden av trapp er de synlige deformasjonene mindre påfallende."

Tiltaket inneber utskifting av tre meter av grunnmuren, istandsetting av deler av lafteverket over (syllstokken), og restaurering av bygningsdeler som vindauge.

### Vurdering

Asplan Viak har utarbeidd ein omfattande rapport som beskriv ulike tiltak på bygningen. Eigar har henta inn to tilbud som har litt ulikt innhald, og der kostnaden varierer mykje. Det er vurdert at den mest omfattande- og dyraste kalkylen er den som møter realiteten i prosjektet best, og det er denne administrasjonen har lagt til grunn. Vi vel i denne omgang å tilrå at det vert løyvd midlar til grunnmuren. Dette er ei bygning som tener som privat bustad, men kostnadene ved tiltaket er stort, og vi opnar for at det kan løyvast mer til tiltaket ved neste tildeling. I denne omgang vert det sett av kr. 250.000 til arbeidet med grunnmuren.

Ein føresetnad for tilskot er at det blir nytta handverkarar som har kompetanse frå tilsvarande prosjekt, samt at det vert nytta tradisjonelle materialar og metode.

Tilråding: 350 000

## **02 Brakke I, 05 Admin. bygg, ePhorte nr 15/2163-19**

**Askeladden ID:** 174914-1 og 4  
**Tilstandsgrad:** TG3  
**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Stiftelsen Espeland fangeleir  
Pb. 19, Indre Arna,  
5888 BERGEN

**Kostnad:** 276 562

**Søknadssum:** 276 562

**Tilråding:** 0

**Sum tilskot siste 5 åra:** 500000 frå RA til heile anlegget



### Kulturminne

Espeland Fangeleir vart oppført i 1943 som ein fangeleir der okkupasjonsmakta plasserte sine motstandarar. Frå byrjinga var fangeleiren tenkt som ein rein transittleir for fangar som skulle sendast viare til Grini, men mange vart sittjande på Espeland til freden kom. Seinare, etter krigsoppgjeret i 1945 blei leiren brukt av norske styresmakter både for tyske krigsforbrytarar og norske landsvikarar. Espeland Fangeleir vart avvikla i 1952. Seinare har leirområdet vært disponert av Sivilforsvaret. Espeland Fangeleir er framleis svært intakt og nyleg vart leiren freda. Leiren er eig av ei stifting, konsolidert under Museum Vest. Det kan bli eit spanande og unikt museum i norsk samanheng - og truleg og i eit internasjonalt perspektiv.

### Tiltaket

"Grunnmurer skal sikres mot fukt. Se vedlegg." Tiltaket inneber å grave ei dreneringsgrøft langs muren for å sikre mot fukt.

### Vurdering

Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Vi gjer samstundes merksam på at dersom det vert gjort endringar som krev dispensasjon frå kulturminnelova, må det sendast skriftleg søknad til Fylkeskonservatoren. Espeland fangeleir består av mange bygningar, og trass i stor frivillig innsats er det eit stort etterslep m.o.t. vedlikehald. Ein siktar då til vedlikehald av typen som her er omsøkt. Dette er tiltak som krev store ressursar, og difor må planleggast godt. Det må hentast inn spesifikke tilbod/kalkyler samt utarbeidast prioriteringsliste for tiltaka. Dei årlege løyvingane som er til rådvelde gjev ikkje rom for større "skippertak" til slike tiltak. Espeland fangeleir har sendt inn seks søknader i år, og det er løyvd midlar til to av tiltaka. Dersom det vert utarbeidd ei prioriteringsliste, vil det gje ei betre oversikt oversikt over forventta ressursbruk framover.

Tilråding 0



## **09 Messe - 10 Kjøkken Espel. ePhorte nr 15/2163-18**

<b>Askeladden ID:</b>	174914-6/174914-7
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen Espeland fangeleir Pb. 19, Indre Arna, 5888 BERGEN
<b>Kostnad:</b>	417943
<b>Søknadssum:</b>	417943
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	500000 frå RA til heile anlegget

### Kulturminne

Espeland Fangeleir vart oppført i 1943 som ein fangeleir der okkupasjonsmakta plasserte sine motstandarar. Frå byrjinga var fangeleiren tenkt som ein rein transittleir for fangar som skulle sendast vidare til Grini, men mange vart sittjande på Espeland til freden kom. Seinare, etter krigsoppgjeret i 1945 blei leiren brukt av norske styresmakter både for tyske krigsforbrytarar og norske landsvikarar. Espeland Fangeleir vart avvikla i 1952. Seinare har leirområdet vært disponert av Sivilforsvaret. Espeland Fangeleir er framleis svært intakt og nyleg vart leiren freda. Leiren er eig av ei stifting, konsolidert under Museum Vest. Det kan bli eit spanande og unikt museum i norsk samanheng - og truleg og i eit internasjonalt perspektiv.

### Tiltaket

"Utbedre fukt- og råteskader på yttervegger, og sanere eternittplater på østsiden og på Messe-byggets nordlige gavelvegg. Skrape og male 5 vinduer med karmar, skifte ut ødelagte deler. Dør byttes og dørøverbygg rekonstrueres. Det legges ny asfaltapp, lektere og kledning der dette ikke er bevart. Veggene males med original malingstype. Dreneringen utbedres."

### Vurdering

Tilskot blir fordelt til private (heilt eller delvis) eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Vi gjer samstundes merksam på at dersom det vert gjort endringar som krev dispensasjon frå kulturminnelova, må det sendast skriftleg søknad til Fylkeskonservatoren. Tiltaket er viktig, men er vurdert å kunne vente i denne tildelingsrunden, då administrasjonen ikkje ser dette som eit strakstiltak. Stiftelsen har sendt inn i alt seks søknader på diverse prosjekt, og to andre tiltak har fått løyving. Dersom det vert utarbeidd ei prioriteringsliste, vil det gje ei betre oversikt oversikt over forventa ressursbruk framover.

### Tilråding 0



### **18 Pumpehus, Espel. fangeleir ePhorte nr 15/2163-17**

<b>Askeladden ID:</b>	174914-11
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen Espeland fangeleir Pb. 19, Indre Arna, 5888 BERGEN
<b>Kostnad:</b>	355 125
<b>Søknadssum:</b>	355 125
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	500000 frå RA til heile anlegget

#### Kulturminne

Espeland Fangeleir vart oppført i 1943 som ein fangeleir der okkupasjonsmakta plasserte sine motstandarar. Frå byrjinga var fangeleiren tenkt som ein rein transittleir for fangar som skulle sendast vidare til Grini, men mange vart sittjande på Espeland til freden kom. Seinare, etter krigsoppgjeret i 1945 blei leiren brukt av norske styresmakter både for tyske krigsforbrytarar og norske landsvikarar. Espeland Fangeleir vart avvikla i 1952. Seinare har leirområdet vært disponert av Sivilforsvaret. Espeland Fangeleir er framleis svært intakt og nyleg vart leiren freda. Leiren er eig av ei stifting, konsolidert under Museum Vest. Det kan bli eit spanande og unikt museum i norsk samanheng - og truleg og i eit internasjonalt perspektiv.

#### Tiltaket

Tetting av tak, sikring av bygg. Flere takplater mangler. Det er store fukt- og råteskader i tak og himling. Vindu, luke og dør mangler. Hull i murvegg. Gavel må mures på nytt. Dårlig murpuss på hele bygget.

#### Vurdering

Tilskot blir fordelt til private (heilt eller delvis) eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Vi gjer samstundes merksam på at dersom det vert gjort endringar som krev dispensasjon frå kulturminnelova, må det sendast skriftleg søknad til Fylkeskonservatoren. Over tid skal alle bygningane i leiren settast i stand, men det er eit omfattande arbeid som krev god planlegging, prioritering og ikkje minst ressursar - på fleire måtar. Denne bygningen er i murverk/betong, og sjølv om status ikkje er så bra, er den vurdert av administrasjonen til å tåle å vente ei stund, då andre oppgåver er høgare prioritert.

#### Tilråding 0

## **02 Brakke I, Espel. fangeleir ePhorte nr. 15/2163-16**

**Askeladden ID:** 174914-1  
**Tilstandsgrad:** TG3  
**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Stiftelsen Espeland fangeleir  
1Pb.19, Indre Arna,  
5888 BERGEN

**Kostnad:** 1043625

**Søknadssum:** 1043625

**Tilråding:** 0

**Sum tilskot siste 5 åra:** 500.000 frå RA til heile anlegget



### Kulturminne

Espeland Fangeleir vart oppført i 1943 som ein fangeleir der okkupasjonsmakta plasserte sine motstandarar. Frå byrjinga var fangeleiren tenkt som ein rein transittleir for fangar som skulle sendast viare til Grini, men mange vart sittjande på Espeland til freden kom. Seinare, etter krigsoppgjeret i 1945 blei leiren brukt av norske styresmakter både for tyske krigsforbrytarar og norske landsvikarar. Espeland Fangeleir vart avvikla i 1952. Seinare har leirområdet vært disponert av Sivilforsvaret. Espeland Fangeleir er framleis svært intakt og nyleg vart leiren freda. Leiren er eig av ei stifting, konsolidert under Museum Vest. Det kan bli eit spanande og unikt museum i norsk samanheng - og truleg og i eit internasjonalt perspektiv.

### Tiltaket

Tilskotet skal nyttast til nødvendig vedlikehald og reparasjonar.

Brakka har lekkasjar i taket som har ført til store skader i himlinga, spesielt i rommet lengst mot sør.

Dreneringen må utbetrast. Ytre panel på vestsida må skrapast og målast, og på visse punkt skiftast ut.

Alle dei originale vindauga mot vest og nord, inkl. kjellervindauga, må vølast, skrapast og målast. Grunnmur må sikrast mot fukt.

### Vurdering

Tilskot blir fordelt til private (heilt eller delvis) eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling.

Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Vi gjer samstundes merksam på at dersom det vert gjort endringar som krev dispensasjon frå kulturminnelova, må det sendast skriftleg søknad til Fylkeskonservatoren.

Espeland fangeleir har sendt inn i alt seks søknader i år, og det er løyvd midlar til to av tiltaka, der den eine løyvinga gjeld denne bygningen. Det er sendt inn to søknader på denne Askeladden ID - en/bygningen, og vi har tilrådd støtte i den eine. Dersom det vert utarbeidd ei prioriteringsliste, vil det gje ei betre oversikt oversikt over forventa ressursbruk framover.

Tilråding 0

## **05 Administrasjonsbygg, ePhorte nr 15/2163-15**

<b>Askeladden ID:</b>	174914-4
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen Espeland fangeleir Pb. 19, Indre Arna, 5888 BERGEN
<b>Kostnad:</b>	398 500
<b>Søknadssum:</b>	398 500
<b>Tilråding:</b>	100 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	500000 frå RA til heile anlegget



### Kulturminne

Espeland Fangeleir vart oppført i 1943 som ein fangeleir der okkupasjonsmakta plasserte sine motstandarar. Frå byrjinga var fangeleiren tenkt som ein rein transittleir for fangar som skulle sendast vidare til Grini, men mange vart sittjande på Espeland til freden kom. Seinare, etter krigsoppgjeret i 1945 blei leiren brukt av norske styresmakter både for tyske krigsforbrytarar og norske landsvikarar. Espeland Fangeleir vart avvikla i 1952. Seinare har leirområdet vært disponert av Siviltforsvaret. Espeland Fangeleir er framleis svært intakt og nyleg vart leiren freda. Leiren er eig av ei stifting, konsolidert under Museum Vest. Det kan bli eit spanande og unikt museum i norsk samanheng - og truleg og i eit internasjonalt perspektiv.

### Tiltaket

"Grunnmurer skal sikres mot fukt. Se vedlegg." Tiltaket inneber mellom anna å grave ei dreneringsgrøft langs muren for å sikre mot fukt.

### Vurdering

Tilskot blir fordelt til private (heilt eller delvis) eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Vi gjer samstundes merksam på at dersom det vert gjort endringar som krev dispensasjon frå kulturminnelova, må det sendast skriftleg søknad til Fylkeskonservatoren. Espeland fangeleir består av mange bygningar, og trass i stor frivillig innsats er det eit stort etterslep m.o.t. vedlikehald. Ein siktar då til vedlikehald av typen som her er omsøkt. Dette er tiltak som krev store ressursar, og difor må planleggast godt. Det må hentast inn spesifikke tilbod/kalkyler samt utarbeidast prioriteringsliste for tiltaka. Dei årlege løyvingane som er til rådvelde gjev ikkje rom for større "skippertak" til slike tiltak. Dette tiltaket har høg prioritet då skadeomfanget er betydeleg, og kan true helse, miljø og tryggleik. Samstundet lyt ein vekte dette i høve til ressurstilgang og kapasitet.

Tilråding 100 000



## **Espelend fangeleir ePhorte nr 15/2163-14**

<b>Askeladden ID:</b>	174914-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen Espeland fangeleir, P.b.19 Indre Arna 5888 Bergen
<b>Kostnad:</b>	967 500
<b>Søknadssum:</b>	467 500
<b>Tilråding:</b>	300 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	500 000 frå RA til heile anlegget

### Kulturminne

Espelend Fangeleir vart oppført i 1943 som ein fangeleir der okkupasjonsmakta plasserte sine motstandarar. Frå byrjinga var fangeleiren tenkt som ein rein transittleir for fangar som skulle sendast viare til Grini, men mange vart sittjande på Espeland til freden kom. Seinare, etter krigsoppgjeret i 1945 blei leiren brukt av norske styresmakter både for tyske krigsforbrytarar og norske landsvikarar. Espeland Fangeleir vart avvikla i 1952. Seinare har leirområdet vært disponert av Sivilforsvaret. Espeland Fangeleir er framleis svært intakt og nyleg vart leiren freda. Leiren er eig av ei stifting, konsolidert under Museum Vest. Det kan bli eit spanande og unikt museum i norsk samanheng - og truleg og i eit internasjonalt perspektiv.

### Tiltaket

Omfattande istandsetting av taket, som i dag har fleire lekkasjar.

### Vurdering

Tilskot blir fordelt til private (heilt eller delvis) eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Vi gjer samstundes merksam på at dersom det vert gjort endringar som krev dispensasjon frå kulturminnelova, må det sendast skriftleg søknad til Fylkeskonservatoren. Det er sendt inn i alt seks søknader for Espeland fangeleir, og to av søknadane gjeld for denne Askeladden ID - en/bygningen, og vi har tilrådd støtte i den eine. Espeland fangeleir består av mange bygningar, og trass i stor frivillig innsats er det eit stort etterslep m.o.t. vedlikehald. Ein siktar då til vedlikehald av typen som her er omsøkt. Dette er tiltak som krev store ressursar, og difor må planleggast godt. Det må hentast inn spesifikke tilbod/kalkyler samt utarbeidast prioriteringsliste for tiltaka. Dei årlege løyvingane som er til rådvelde gjev ikkje rom for større "skippertak" til slike tiltak.

Dersom det vert utarbeidd ei prioriteringsliste, vil det gje ei betre oversikt oversikt over forventta ressursbruk framover.

Tilråding 300 000



## **Bergen Barne asyl ePhorte nr 15/2163-10**

<b>Askeladden ID:</b>	87155-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG1 (men malingslitt jmf. Askel.)
<b>Kommune:</b>	
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen Seminarium Fredericianum Asylplass2, 5018 Bergen
<b>Kostnad:</b>	1 347 000
<b>Søknadssum:</b>	200 000
<b>Tilråding:</b>	100 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	1 825 000

### Kulturminne

Truleg den største attverande trebygning frå 1700-talet i Bergen, oppført etter initiativ fra biskop Erik Pontoppidan i 1752. Bygningen har to etasjer av lafta tømmer, kledd med ligjande panel, på kvitkalka gråsteinsfundament. Måla i okerfarge med kvite vindaug, hjørnebord og gesimsar samt kobbargrøn inngangsdør. Utsvaia valmtak tekt med raud enkeltkrumma tegl. Symmetrisk hovudfasade med tofløya, fiskebeinspanelt dør i midten, fem vindaugsaksar på kvar side og stor trekantgavl over midtpartiet. Bygningskroppen er uendra sidan huset var nytt i 1752. Hovudfasaden har tilbakeførte småruta krysspostvindaug av 1700-tals type, resten av huset har store trefags vindaug frå seint 1800-tal. På baksida har bygningen ein stor tverrfløy frå 1891, like høg som resten av huset og med separat valmtak. Trappehus med pulttak på gavlen mot nord, truleg frå 1890. Bygningen fungerer i dag som barnehage. Det er ei stifting som eig anlegget.

### Tiltaket

Rehabilitering av fasaden mot bakgården. Arbeid omfattar maling av fasader og vinduer mot bakgården. I tillegg utbedring av skader på treverket der det er nødvendig. Arbeidet med rehabilitering av Bergen Barne asylstartet i 2013 og det er fasaden mot bakgården som står igjen, og det er viktig at den blir tatt no slik at bygget kommer til å stå ferdig rehabilitert i løpet av 2016.


### Vurdering

Tilskot blir fordelt til private (heilt eller delvis) eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet.

Maling av fasade sorterer som regel under vanleg vedlikehald. Medan utbetring av kledning og reparasjon/restaurering av vindaug er stønadsverdig. Ein vurderer tiltaket dette året til å omfatte vanleg vedlikehald, men der det erfaringsvis vil finnast bygningsselement som treng vøling. Vindaug og dører er tidkrevjande og dermed kostbare å rehabiliter/restaurere, og løyvinga er meint å støtte slike tiltak. Også vanleg vedlikehald kan vere stønadsverdig dersom tiltaket er stort, og Barne asyl er nok i den kategorien. Vi meiner kr. 100 000 er tilstrekkeleg til å dekke forventta meirkostnader ved tiltaket.

Tilråding 100 000





## **Kjøttbasaren** **ePhorte nr 15/2163-9**

<b>Askeladden ID:</b>	86011-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Kjøttbasaren Byens Basar AS Vetrilidsalmenningen 2 5013 Bergen
<b>Kostnad:</b>	2 073 083
<b>Søknadssum:</b>	948 698
<b>Tilråding:</b>	200 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	700 000

### Kulturminne

Kjøttbasaren vart bygd i midten av 1870-åra, teikna av byarkitekt Conrad von der Lippe, som eit moderne og hygienisk lokale for omsetning av slaktarvarer. Det er ein frittliggande monumentalbygning i nyromansk stil, med veggflater av raud tegl, arkaderekjer i hovudetasjen med granittsøyler, takarkar tekt med kobbar og detaljar i smijarn. Salslokalet vart innvigd og teken i bruk 1877. Kjøttbasaren huser i dag matforretningar og restaurantar.

### Tiltaket

Kopiert frå søknaden: Dekke meirkostnader i samband med fordyrande metoder og produkt i samband med bygningens spesielle krav til vedlikehald. Dessutan generelle meirkostnader med registrering, dokumentasjon, myndighetskontakt, oppfølging mm.

### Vurdering

Tilskot blir fordelt til private (heilt eller delvis) eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot gis til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Kjøttbasaren er i denne kategorien kulturminne. Kjøttbasaren har i lang tid vore under rehabilitering/restaurering. Bygningen er godt eksponert der den ligg sentralt til, og med omsyn til utleige er den godt belagt. Eigar har følgd opp dei pålegg som har kome frå vernemynde, og synt seg som ansvarleg i høve til forvaltning av kulturminnet. Kalkylen for denne søknadsperioden er på 2073830,- medan søknadssummen er på 948698. Det er levert ein godt grunngjeven og god søknad, som tydeleg beskriv kva problemstillingar og meirkostnader dei har. Mange av tiltaka som er omsøkte er gjennomførte. Kjøttbasaren har fått midlar tidlegare både frå Hordaland fylkeskommune og Norsk kulturminnefond, og administrasjonen tilrår å imøtekomme søknaden med 200 000 for tiltak i 2016 og 2017. Vi ber om at Kjøttbasaren tek kontakt med administrasjonen for å avklare korleis midlane skal nyttast.

Tilrår 200 000

## Repslageriet på Fjøsanger ePhorte nr 15/2163-4

<b>Askeladden ID:</b>	87179-1
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Brun, Gerdt Meyer AS Fjøsangerveien 71 5073 Bergen
<b>Kostnad:</b>	Truleg mellom 20 og 30 mill.
<b>Søknadssum:</b>	5.300.000
<b>Tilråding:</b>	600 000 + 500 000 i førehandstils.
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	5 126 250



### Kulturminnet

Industrianlegg med i alt 14 bygningar: reiparbane, fabrikkbygningar, kontor og støttefunksjonar. Anlegget vart teke i bruk i 1869 og vidare utbygd m.a. tidleg på 1900-talet. Produksjon fram til 1960. Sjølve reiparbanen er ein 300 m lang trebygning, som opphavleg stod på Sukkerhusengen i Bergen. Bygningane utgjer eit samla miljø, bygd opp rundt ein intern gate. Reiperbanen på Fjøsanger er med sine 330 meter den lengste banebygningen vi har. Eldste delen er flytta hit og supplert/påbygd seint på 1800 talet eller tidleg 1900. Restaureringsarbeida starta opp hausten 2014.

Ein reiperbane var reipslageren si verkstad, der ein tilvirka og snodde plantefibre saman til tau og trossar. De vanlegaste fibrane var hamp og bast. I Bergen har det truleg vore reiperbaner sidan 1200-tallet.

Produksjonen var særlig knytt opp til seilskipsfarten. Då denne hadde sin topp rundt 1850 var det omlag 28 reiperbanar i Bergen.

### Tiltaket

Omsøkte beløp skal nyttast til tiltak på sjølve reiperbanen.

1. Detaljprosjektering av pågåande og vidare restaureringsarbeider.  
Dokumentasjonsarbeider. Oppstart av arbeid med prosjektering av sprinkleranlegg.
2. Terrengarbeider på oppsida av reiperbanen si søre del for å tilpasse terrengnivå til bygningen og drenering på langsida av bygningen.
3. Vidareføring av takarbeidet, både konstruksjon, lekter, rekker og teglpanner.

### Vurdering

Istandsettinga av Reiperbanen på Fjøsanger er eit prosjekt som har gått over fleire år og som vil halde fram i mange år til. Ein har valt ein framgangsmåte der ein i denne fasen prioriterer istandsetting av takkonstruksjonen på dei stadane som har størst trong for det. Vi meiner at det vidare arbeidet med taket vert prioritert, og dersom eigar ønskjer å prioritere annleis, må dette i så fall gjerast i samråd med administrasjonen. Arbeidet på taket er "uproblematisk" og i vil i liten grad medføre faglege utfordringar. Bygningen er enkelt konstruert, og restaureringsarbeidet vil bere prega av repeterande oppgåver og problemstillingar. Prosjektet har god styring og gjennomføringsevne og arbeidet blir utført i tråd med retningslinjer for istandsetting av freda bygg.

Tilrår 600 000

Førehandstilsegn for 2017 500 000



### **Kronstad hovedgård ePhorte nr. 15/2163-3**

<b>Askeladden ID:</b>	87144-1/3/4
<b>Tilstandsgrad:</b>	TG2-3
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen Krigsveteranenes Minne Kronstad hovedgård Kronstadveien 30 5053 Bergen
<b>Kostnad:</b>	2 000 000
<b>Søknadssum:</b>	2 000 000
<b>Tilråding:</b>	600 000 + 500 000 førehandstilsegn.
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	12 516 921

#### Kulturminne

Kronstad ligg dominerande til øvst oppe på nordaustsida av høgdedraget som skyt fram mellom Store Lungegårdsvann og Solheimsviken. Hovudhuset er eit toetasjars, kvitmåla trehus med valmtak, i empirestil med jonisk tempelfront på hovudfasaden mot NA. Rett SV for hovudhuset, på motsett side av ein grusdekt gardsplass, er ein paktarbustad i ein etasje. Dei to husa er bunde saman av eit lågt mellombygg som lukkar gardsplassen mot NV. Ei rokokkodør er her sett inn som port til hagen. Anlegget ligg midt i ein hage på om lag 100 x 70 m. Hagen består no for det meste av grasplenar, grusa stiar, og ein del tre, særleg langs sidene. Han er delvis omgjeven av ein kvitkalka mur tekt med sortglasert tegl, i kvar kortende er eit portoverbygg av tre, med gavl og tofløya raudmåla treport. Mot NA, der terrenget skrånar sterkt nedover, ligg hagen på ein låg, mura terrasse, med framskytande midtparti med svakt boga front, i akse med tempelfronten. Avgrensinga her er kvitmåla trestakitt, og innafør det ein hekk. Mot Kronstadvegen, i SV, er det stort sett raudmåla stakitt, medan hovudporten har eit mura overbygg med flatboga portopning, tofløya raudmåla port, og med ein kort allé framfor. Ut mot Kronstadvegen ligg eit lite uthus med sveitsartak, medan ein stallbygning i sveitsarstil ligg rett utanfor hageporten mot NV. Rundt eigedomen er bygningsmassen frå ulike delar av 1900-talet.

#### Tiltaket

Det står att å restaurere 2 stk vindfang på hovudhuset, samt ein del arbeid på portnarbustaden. Arbeidet på stallen er påbegynt, og avdekking av tak tyder på at det må gjerast mykje meir arbeid her enn det vart rekna med. Meininga var å jekke opp bygningen, men det er ingen berande konstruksjonar som kan fungere som jekkepunkt. Mykje av takbjelkane små skiftast og teglen må takast ned først. All kledningen på austveggen må demonterast, medan vestveggen ser nokonlunde bra ut.

#### Vudering

Dette er eit istandsettingsprosjekt som har gått over mange år, der hovudbygningen representerer den største posten. Tidlegare er uthuset sett i stand, og det er i tillegg gjort restaureringsarbeid på portnarbustaden, og mellombygningen. På portnarbustaden står det att ein del arbeid. Kronstad hovedgård har hatt høg prioritert i lang tid, og ein nærmar seg vanleg vedlikehalds-standard, spesielt m.o.t. hovudbygningen. Kronstad er ei ideel stifting og inntekta frå arrangement går til å dekke vanlege driftskostnader.

Ved årets tildeling vil vi prioritere arbeidet på stallen. Innanfor dei midlane som er til rådvelde for 2016 finn vi ikkje rom for å løyve ein så stor sum som stiftinga har søkt om. Vi tilrår 600 000 til arbeidet med stallen for 2016, og eit førehandstilsegn for 2017 på kr. 500 000 som vert nytta i samråd med administrasjonen.

Tilråding 600 000

Førehandstilsegn for 2017 500 000



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
**[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)**